

## Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget ber om at dei aktuelle initiativa vert koordinerte og at ein vurderer ei eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta i samarbeid med Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, Musea i Sogn og Fjordane og KODE. Det bør etablerast ei prosjektgruppe, koordinert av Vestland fylkeskommune, som arbeider med lokalisering og vidare utvikling av prosjektet.
2. Finansieringa av nytt fellesmagasin må spegle det nasjonale, regionale og kommunale ansvaret som samlingsforvaltinga gjennom fellesmagasinet representerer. Fylkestinget ser det som ein føresetnad for realisering av prosjektet at finansiering av nytt fellesmagasin vert eit slikt felles løft, og ber difor fylkesrådmannen føreslå finansiering.»

**June Indrevik (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ pkt. 1

Fylkestinget ber om at dei aktuelle initiativa vert koordinerte og at ein vurderer ei eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta i samarbeid med Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, Musea i Sogn og Fjordane og KODE. Det bør etablerast ei prosjektgruppe, koordinert av Vestland fylkeskommune, som arbeider med lokalisering og vidare utvikling av prosjektet.»

### Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteke med 46 røyster mot 19 røyster (H, Frp, Pp) for Framnes og Indrevik sine forslag.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke med 46 røyster mot 19 røyster (H, Frp, Pp) for Framnes sitt forslag.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkestinget ber om at dei aktuelle initiativa vert koordinerte og at ein vurderer ei eventuell samordning av dei ulike magasinprosjekta i samarbeid med Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, Musea i Sogn og Fjordane og KODE.
2. Finansieringa av nytt fellesmagasin må spegle det nasjonale, regionale og kommunale ansvaret som samlingsforvaltinga gjennom fellesmagasinet representerer. Fylkestinget ser det som ein føresetnad for realisering av prosjektet at finansiering av nytt fellesmagasin vert eit slikt felles løft, og ber difor fylkesrådmannen føreslå finansiering.
3. MiSF sitt fellesmagasin i Angedalen vert ikkje utsett i påvente eller som følgje av denne saka. Magasinet har løvning frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på 2019-budsjettet, samt tilslagn og kr 40 mill frå staten, der dei første 8,3 mill er løyvd på 2020-budsjettet.  
Saka skal klargjere om MiSF sitt magasin har kapasitet til å dekke noko av behovet som er for andre museum i Vestland fylke.
4. Fylkestinget ber om at ein snarlig får ei sak som går gjennom museumspolitikken i Vestland med utgangspunkt i ulik ansvars- og eigarskapstruktur, og korleis ein byggjer saman museumskulturen. Saka vert også framlagt for utval for kultur, idrett og integrering.»